


**Kvar me i verdi fer,
me med i minnet ber,
Vår barndomsbygd.
Med dalar, skog og lid,
fjellmarmor snøfallstid.
Brunkransa sumar er,
Gud sign den gjer!**

Thomas Hæreid

Å R D A L
**STRATEGISK
NÆRINGSPLAN**
2017 – 2020





Sagt av næringslivsleiar:
**«Svingingar i industrien
påverkar samfunnet – å
bli mindre avhengig vil
vere nødvendig.»**

INNHALD

Innleiing

1.0 Strategisk Næringsplan

- 1.1 Strategisk Næringsplan
- 1.2 Kommunen – ulike roller
- 1.3 Årdal Utvikling
- 1.4 Årdal Utvikling sin strategi

2.0 Organisering av planarbeidet

- 2.1 Arbeidsmåte
- 2.2 Prosjektgruppe
- 2.3 Innspel og forankring

3.0 Utviklingstrekk Årdal

- 3.1 Visjon og mål for Årdal
- 3.2 Nedgang
- 3.3 Industrikommune
- 3.4 Nyetableringar
- 3.5 Alder og kjønn
- 3.6 Handel
- 3.7 Reiseliv

4.0 Prosessen – funn

- 4.1 Målanalyse
- 4.2 Stads kvalitetar
- 4.3 Ekstern samfunnsanalyse
- 4.4 Målgruppearanalyse
- 4.5 Spissing kontra breidde
- 4.6 Hovudmål
- 4.7 Grunnmur – verdien heilstøpt

5.0 Prioriterte satsingsområde

- 5.1 Lønnsame arbeidsplassar
- 5.2 Helse
- 5.3 Kompetanse
- 5.4 Eitt samfunn
- 5.5 Reiseliv

6.0 Strategiar

7.0 Vedlegg



Kompetanse og mangfold

Bevegelse frå tradisjonell arealkrevjande industri til næringar med kunnskap som viktigaste produksjonsfaktor, held fram med aukande styrke. Årdal må dra nytte av dei FoU-miljøa som er etablert i kommunen, og satse på kompetanseaukande tiltak i næringslivet og i lokalsamfunnet generelt. Satsing på kompetanseutvikling vil gi grunnlag for nye spennande bedriftsetableringar som sikrar mangfald innan næringslivet i Årdal.

Dei fleste bedriftene i Årdal hevdar at kompetansen er heilt fundamentalt i verksemda si framtidige konkurransevne. Ein kompetansestrategi som skapar konkurranseføretrinn startar ofte med å utvikle ein ide om korleis ein vil tiltrekkje, motivere og utvikle medarbeidarane. Utfordringa for dei fleste bedriftene er ofte å få definert klare kompetansemål og ikkje minst strategiar for korleis ein har tenkt å gjennomføre dette. Utfordringane synest å vere størst for dei minste bedriftene, og fokus på kor viktig dette er, varierer også mellom dei ulike bransjane.

Å få bedriftene våre til å definere ei kompetansekjede der ein set fokus på å etablere gode kontinuerlege kompetanseprosessar, vil vere ein kritisk aktivitet for å sikre næringslivet si utviklingsevne i Årdal.

Kritiske spørsmål vil vere:

- › Har vi kompetanse i næringslivet vårt som kan gi grunnlag for forretningsutvikling og vekst?
- › Har vi kompetansehol som er ein risiko for bedriftsutviklinga?
- › Er kultur og arbeidsmiljø i næringslivet god nok grobottn for engasjement og kompetanseutvikling?
- › Klarer vi å definere bedriftene sin kjernekompetanse?
- › Skal kompetanse kjøpast eller utviklast – kva med haldning til innleige av arbeidskraft?
- › Skal vi ha ein strategi der næringslivet legg opp til berre organisk vekst, eller ekspansjon gjennom oppkjøp, fusjon og akkvisisjon?
- › Skal kompetansekjeda starte i grunnskulen som ein raud tråd gjennom 12 års skulegang?
- › Krev dette samhandling mellom skule og næringsliv som vi i dag ikkje har?




1. STRATEGISK NÆRINGSPLAN

1.1 STRATEGISK NÆRINGSPLAN

Strategisk næringsplan er ein 4-årig kommunedelplan som er eit arbeidsreiskap for politikarar og administrasjon. Planen skal brukast i beslutningsprosessar rundt næringssspørsmål – den er grunnlaget for å drive næringsutvikling i vid forstand. Planen skal vere styrande for saksbehandling av næringssspørsmål på ulike nivå, og vil ha konsekvensar for andre planar, sjå figur under. «Det kommunale plansystemet». (Planstrategi 2016-2020, Norconsult).

Denne planen erstattar tidlegare versjonar av Strategisk Næringsplan, som har vore retningsgivande for utviklingsarbeidet i kommunen sidan 2007, etter at omstillingsarbeidet (Omstillingsstatus 2004-2008) var avslutta i 2008.



1.2 KOMMUNEN – ULIKE ROLLER

Kommunen har ulike roller. Ved sidan av å vere arbeidsgjevar og leverandør av tenester til innbyggjarane, er kommunen forvaltningsmynde (forvaltar mellom anna plan- og bygningsloven med t.d. reguleringsplaner), næringsaktør (eig eigedom og selskap) og samfunnsutviklar.

Kommunen er oppteken av å legge forholda til rette for næringsutvikling, og å bidra til å utvikle samfunnet i ønska retning. Det kan vere gjennom å ta økonomiske løft som enkeltaktørar ikkje kan ta, og gjennom t. d. reguleringsaker – både behandling av private reguleringsplaner og å regulere sjølv. Ein kommune har stor truverde når det gjeld samfunnsspørsmål, ved at den forvaltar fellesskapet sine interesser.


Strategisk Næringsplan er ei konkretisering av kommunen sin rolle som samfunnsutviklar, og peikar ut retninga for ei målretta og berekraftig utvikling. Kommunen er avhengig av eit godt samspel med befolkning og næringsliv.

ÅRDAL KOMMUNE



1.3 ÅRDAL UTVIKLING

Stiftinga Årdal Utvikling er Årdal kommune sitt verktøy for utvikling og gjennomføring av Strategisk næringsplan. Som del av Strategisk Næringsplan er det utvikla Handlingsplan med budsjett, med forslag til ansvarsområde. Her går det fram kva for oppgåver som ligg til Årdal Utvikling, kva som ligg til kommunen (ikkje direkte næringsarbeid) og andre.



1.4 ÅRDAL UTVIKLING SIN STRATEGI – slik jobbar vi

Strategisk har Årdal Utvikling fokus på kor attraktive vi er som bustadkommune, besøkskommune og bedriftskommune. Klarer Årdal å få til ei positiv utvikling knytt til desse sentrale utviklingsområda, vil kommunen totalt sett få ei positiv samfunnsutvikling. Strategiane som vi arbeider etter i SNP, legg opp til å utvikle desse tre sentrale områda for kommunen. Alt strategiarbeidet vert organisert i prosjekt med klare resultatmål.

Attraktivitet som bustadkommune

Årdal må bli meir attraktiv som bustadkommune. Utviklingsarbeidet må heile tida sjå på kva konsekvensar ulike tiltak får for Årdal som bustadkommune. Å få folk som i dag pendlar til Årdal til å busette seg i kommunen vil vere viktig for folketalsutviklinga. På same måte er det viktig å få folk til å velje Årdal som bustad, sjølv om dei har arbeid andre stader i regionen.

Attraktivitet som bedriftskommune

Årdal må bli meir attraktiv som bedriftskommune. Utviklingsarbeidet må heile tida ha fokus på kvifor bedrifter skal satse og utvikle seg vidare i Årdal. Kva er dei naturlege førtrinna våre for at bedrifter skal lokalisere seg i Årdal. Kva andre lokaliseringsfaktorar må vi utvikle og forbetre for å auke Årdal si konkurransekraft som lokaliseringstad? Nye arbeidsplassar er ein viktig grunn til at folk kjem for


å busette seg i Årdal.

Attraktivitet som besøkskommune

Årdal må utvikle seg som reiselivskommune. Alle tiltak som gjer at folk ønskjer å besøke Årdal, er også tiltak som gjer det meir triveleg å bu i Årdal. Korleis kan Årdal utvikle gode gjesteopplevingar som både besøkande og innbyggjarane set pris på? Korleis kan besøkande få ein opplevingsakse gjennom kommunen som også innbyggjarane opplever som positivt? Å utvikle ein strategi som sikrar utvikling innan handel, reiseliv og kultur, er ein føresetnad for å lukkast i utviklingsarbeidet.

Servicefunksjon

I tillegg til dette strategiske utviklingsarbeidet, har ÅU ein servicefunksjon mot næringslivet. Alt praktisk arbeid med registrering av selskap, søknader om finansiering og hjelp til utarbeiding av forretningsplaner vert tilbydd hjå ÅU. Heile tida jobbar ÅU aktivt med å leite etter vekstimpulsar i eksisterande næringsliv. I tillegg arbeider ÅU mykje med bedrifter som har kome i vanskar, dette kan vere økonomiske utfordringar, konflikhtar mellom eigarar, problem med leverandørar og ikkje minst hjelpe bedriftene med å utvikle seg. Årdal Utvikling utarbeider også rapportar om større tema (samferdsle, skule, helse) som vert nytta i det politiske arbeidet kommunen gjer, for å ta vare på Årdal sine interesser.



Opplevingsakse for Årdal. Opplevingar for turistar, vil også kunna nyttast av befolkninga, og dermed auke bustadattraktivitet i Årdal. Ill: Vardehaugen/ Overordna reiselivsstrategi.

2. ORGANISERING AV PLANARBEIDET

2.1 ARBEIDSMÅTE

Strategisk Næringsplan for Årdal kommune 2017-2020 er utvikla gjennom tung rullering. Som arbeidsmetode har vi nytta 10 punktsmodellen, ein teori-og erfaringsbasert arbeidsmetodikk for strategisk og kreativ stadsutvikling.

2.2 PROSJEKTGRUPPE

Arbeidet med rullering av Strategisk Næringsplan har vore leia av ei prosjektgruppe som har bestått av Harald Husabø (BDO, sekretær i ÅN), Sandra Opheim (Høgskulen i Sogn og Fjordane, varaordførar), Marie-Helene Brandsdal (styreleiar Årdal Utvikling, medlem i formannskapet), Terje Laberg (dagleg leiar Årdal Utvikling), Jorunn Nilsen (konsulent Årdal Utvikling), samt Ragna Brenne Bjerkeset og Ingrid Kvande frå TIBE Samfunn.

Prosjektgruppa har hatt møte i Årdal i februar, mars, april og mai, i tillegg til prosjektmøte på telefon. Arbeidet starta i januar, og i april var resultatane presentert for eit utvida formannskap med representantar for Venstre og Høgre. Formannskapet som er planutvalet i kommunen, og den som legg fram planen for vedtak i kommunestyret.

2.3 INNSPEL OG FORANKRING

I samband med rullering av Strategisk Næringsplan er det gjennomført kartlegging blant næringsleiarar for å finne ut kva dei ser på som mål- og suksesskriterier for verksemdene og for Årdal som samfunn. Kartlegginga er gjennomført til dels digitalt og til dels ved telefonintervju. Det er også gjennomført to idemøte for å kartlegge mål og stads-kvalitetar. På desse møta deltok innbyggjarar i Årdal, representantar frå lag og organisasjonar og frå næringslivet/kommunen inkl. politikarar.

I løpet av prosessen har det vore to møte med representantar frå nærings- og kulturavdelinga ved Sogn og Fjordane fylkeskommune, med representantar frå kommuneadministrasjonen (kommunalsjefar og rådmann), med politikarar, med fagforeiningane ved Hydro og Norsun, med Arne Kringlen i Norconsult (planstrategi for Årdal kommune), med aktørar innanfor helse- og reiselivsnæringa, og med Torill Olsson i Mimir (overordna strategivurdering for reiselivsutvikling i Årdal).

Sagt av repr. frå næringslivet:

«Satsing på reiseliv vil gi omdømme for bygda.»

3. UTVIKLINGSTREKK ÅRDAL

I 2015 gjorde Telemarksforskning ei analyse på oppdrag frå Årdal Utvikling. Dette resulterte i rapporten «Regional analyse for Årdal. Attraktivitetsanalyse: Befolkningsutvikling, næringsutvikling og scenarier».

Her kjem det fram at Årdal anten må ha betre arbeidsplassutvikling enn andre (skape ny og betre næringsattraktivitet) eller høg bustadattraktivitet for å unngå nedgang i folketalet i tida framover.

3.1 VISJON OG MÅL FOR ÅRDAL

Årdal kommune sin overordna visjon er at Årdal skal vera ein god og trygg stad å bu, leva og arbeida. Årdal Utvikling stør opp om denne visjonen ved å bidra til ei berekraftig næringsutvikling med fokus på å leggja tilhøva til rette for eit lønnsamt og variert næringsliv som gjev trygge arbeidsplassar, utvikla eit godt samarbeid mellom næringsliv og skule og mellom næringsliv og kommune.

Hovudmåla for Årdal Utvikling sitt arbeid er at Årdal skal:

- › Ha stabilisert tal sysselsette med arbeidsstad i kommunen, og lagt grunnen for ein forsiktig vekst
- › Ha stabilisert folketalet i kommunen, og lagt grunnen for ein forsiktig vekst
- › Ha ein meir variert næringsstruktur enn den vi har hatt fram til no

3.2 NEDGANG


Sidan 2000 har det vore sterk nedgang i talet på arbeidsplassar i Årdal, og kvar femte arbeidsplass i næringslivet er borte. Dette gir også utslag på utviklinga i folketalet i kommunen. Etter ei positiv utvikling frå 2007, har folketalet gått nedover kvart år sidan 2010.

Folketalsframskriving frå SSB syner at folketalet i Årdal vil vere 5.155 innbyggjarar i 2030 og 5043 i 2040.

Pr 1. januar 2016 budde det 109.530 personar i dei 26 kommunane i Sogn og Fjordane. Sidan 2007 har folketalet i regionen auka med 3,1%. På landsbasis var veksten 11,4% i same periode, og berre Nordland hadde dårlegare folketalutvikling enn Sogn og Fjordane.


I Sogn og Fjordane har halvparten av kommunane hatt vekst i folketalet, medan det har vore nedgang i den andre halvparten. Folketalsveksten har vore størst i Sogndal (14,9 %) og Førde (12,5 %). Gaular, Stryn, Naustdal og Flora har alle ein vekst på over 5%.

Folketalutvikling Årdal kommune, 2006-2016 (01.01)




3.3 INDUSTRIKommune

Årdal er eit samfunn der Industriell produksjon har vore bærebjelken for verdiskaping og busetjing. Hydro Aluminium er den klart største industribedrifta, og i Årdal er det også verksemdar som er underleverandør til Hydro. Norsun starta produksjon i Årdal i 2008. Næringsstrukturen i Årdal viser at vi framleis er ein industrikommune med 44% av sysselsettinga. Offentleg sektor med kommune, fylke og stat står for berre 26% av sysselsettinga som er godt under dei fleste kommunar i Sogn og Fjordane. Vi ser at forretningsmessig tenesteyting no står for 14% av sysselsettinga, mot 11% i 2014. Dette er ei vekstnærings nasjonalt og det er grunn til å tru at denne kan vekse vidare.




Utviklinga i sysselsettinga i industri i Årdal kan ein sjå av figuren under der ein ser at det er ein vekst i 2015 og at avstanden mellom total sysselsettinga i industri i Årdal og Hydro sin sysselsetting aukar. Dette heng saman med vekst i andre bedrifter utanfor Hydro, og spesielt Norsun som har hatt ei positiv utvikling. Veksten i forretningsmessig tenesteyting er eit vekst område nasjonalt og Årdal har og hatt vekst innan denne sektoren spesielt knytt opp mot helsetenester, IT og økonomi/finans.



3.4 NYETABLERINGAR


Utviklinga i sysselsetting i Årdal gjer eit trendskifte i 2015 og viser ein auke på 84 arbeidsplassar. Auken kjem hovudsakleg innanfor forretningsmessig tenesteyting og industri. Innan forretningsmessig tenesteyting er det spesielt innanfor helsetenester ein har fått den største auken.

Vi ser av utviklinga i 2015 at vi får ein auke i sysselsetting etter arbeidsstad, men ein nedgang etter bustad som tyder på at innpendlinga til Årdal aukar. Det betyr at fleire vel å bu andre stader når dei jobbar i Årdal.



3.5 ALDER OG KJØNN

Av dei sysselsette i Årdal, er det i 2014 43,5% kvinner og 56,5% menn. I 2015 er fordelinga 42,5% kvinner og 57,5% menn. Sysselsettinga etter alder viser at veksten hovudsakleg har come innanfor aldersgruppene 25-39 år og 40-54 år. Det er fortsatt mange som går av med pensjon og går ut av aldersgruppa 55-74 år, dette er ein trend som vil fortsette basert på at det er store etterkrigskull som er yrkesaktive og forventast ut i pensjon også dei neste åra. Dette vil gi gode muligheiter for nyrekruttering.



3.6 HANDEL

Dei siste åra (2008-2013) har det vore ei spesiell satsing på handel i Årdal, og det er utarbeidd ein eigen analyse på handel som var klar i 2016.

3.7 REISELIV


I 2015 blei det starta opp ei satsing på reiseliv, og mai 2016 kom rapporten «Overordnet strategivurdering for reiselivsutvikling i Årdal», som er ei forstudie til eigen strategi for denne satsinga.



Sagt av næringslivsleiar:

«Privat og offentleg samarbeid – der er det utviklingspotensiale.»

4. PROSESSEN – FUNN



Gjennom kartlegging av mål og stads-kvalitetar, gjennom ekstern samfunnsanalyse og målgruppeanalyse, har vi funne fram til prioriterte satsingsområde i denne planen.

4.1 MÅLANALYSE

Kva vil vi med lokalsamfunnet vårt? Tydelege og omforente mål er grunnlaget for ein strategi om lokal utvikling. Det er innbyggjarane og dei lokale aktørane sjølv som skal bestemme korleis dei vil at lokalsamfunnet skal utvikle seg. Difor er målanalyse første punkt i 10-punktsmodellen for lokalt utviklingsarbeid.

Funn: > **Meir breidde, ikkje så sårbart næringsliv.**

4.2 STADSKVALITETAR

Eksisterande stads-kvalitetar er grunnmuren som lokalsamfunnet står på. Den vidare utvikling må bygge på dette fundamentet. I sum utgjer stads-kvalitetane den «interne utviklingskrafta» i lokalsamfunnet.

Funn:

- > **Eit stolt folk.**
- > **Mangfald av fritidstilbod.**
- > **Hjørnesteinbedriftsamfunn med gryande mangfald.**
- > **Kompakt bumiljø.**
- > **Eit samfunn der ein er klar over at kompetanse er nødvendig.**
- > **IKT - Infrastruktur som taklar vekst.**
- > **Få nemner industrihistoria.**
- > **Få nemner region/fylket.**
- > **Staden har «uforløyst» potensiale.**

4.3 EKSTERN SAMFUNNSANALYSE

Gjennom ekstern samfunnsanalyse vil vi kartlegge utviklingstrekk i storsamfunnet som kan gi drahjelp i arbeidet med å utvikle eige lokalsamfunn.

Mange aktører og prosessar utanfor vårt eige lokalsamfunn har stor innverknad på kva for utvikling vi kan få til. Det kan vere politiske prosessar og avgjerder i fylkeskommune, regjering og storting, og makrotrendar i bransjar som er representert med verksemder i vårt lokalsamfunn. Endringar i haldningar, verdigrunnlag og forbruksmønster kan også verke inn. I sum utgjør slike forhold den eksterne utviklingskrafta til lokalsamfunnet.

Dersom vi treff blink på desse strøimmingane, kan vi få enorm drahjelp utanfrå. Alternativt kan vi risikere å gå glipp av moglegheiter eller hamne i bakevja, dersom vi ikkje er observante og får med oss utviklingstrekk som vil råke oss.

I den eksterne samfunnsanalyse har vi mellom anna vurdert råvareprisar og valutaforhold, Rattsø I og II (Produktivitetskommisjonen), Norsk Industris konjunkturrapport, Helse-Omsorg21, Aps industripolitikk, Årsrapport Hydro, Reiseliv – Visit Sognefjord, Stortingsmelding reiseliv 2016, Bolyst – samfunnsutvikling, Kommunereformen, Høgskulestruktur (stortingsmeldinga om framtidens universitets- og høgskulestruktur), Verdiskapingsplan for Sogn og Fjordane 2014-2025.

Funn:

- › **I samfunnet skjer det meir og meir sentralisering.**
- › **Store krav til effektivisering.**
- › **Det skjer store endringar både i industrien og i arbeidslivet elles ved den såkalla fjerde industrielle revolusjon.**
- › **Helse vil vere eit område i vekst.**
- › **Opplevingsreiseliv/fysisk aktivitet er i frammarsj.**

4.4 MÅLGRUPPEANALYSE

I denne samanhengen er målgruppa aktører som kan hjelpe til å utløse intern og ekstern utviklingskraft – som kan bistå ekstraordinært til at vi når måla for den lokale utviklinga.

Funn:

- › **Både befolkninga og næringslivsaktørane i Årdal meiner at kompetanse er viktig for å behalde posisjonar og for å utvikla seg vidare.**
- › **I Sogn og Fjordane blir det satsa på reiseliv, og konkret er vandring peika ut som eit av satsingsområda.**
- › **I Årdal er det aktører innan reiseliv, som er interessert i å skape attraktive tilbod som gir besøksgrunn – «reason to go».**
- › **I kommunen er det ein stor aktør med kompetanse på næringsutvikling innan helse – ei ny næring.**

Sagt av næringslivsaktør:


«Vi er avhengig av at vi vidareutviklar eit sunt og breitt industrimiljø i Årdal, og at vi evner å samarbeide sjølv om vi er konkurrentar.»

Næringslivsaktør om suksesskriterie:

«Omdømmebygging er svært viktig. Dersom nokon skal kome hit til bygda og etablere seg, må bygda ha eit godt omdømme.»

4.5 SPISSING KONTRA BREIDDE

For å ha best mogleg grunnlag til å gjennomføre aktivitetane i Strategisk Næringsplan, er det både krevjande og viktig å vere spissa i satsinga. Dersom ein famnar for breitt, vil det vere vanskeleg å få gjennomført oppgåvene med den innsatsen som trengs for å få resultat. Stadskvalitetar og samfunnsforhold gir drakraft, og det trengs meir kraft for å få framdrift ved breidde enn ved spissing. (sjå figur)



4.6 HOVUDMÅL

Få eit meir mangfaldig næringsliv, bli mindre sårbar og meir attraktiv.

Ved å

- > **Bygge eitt samfunn ved å utnytte lokalsamfunna sine særtrekk**
- > **Tenke region**
- > **Spisse næringssetninga**

.....vil ein i Årdal forløyse det uforløyste!

4.7 GRUNNLAG – GRUNNMUR – VERDIEN HEILSTØPT

Det å stå samla og arbeide mot felles mål, vil også være ei drivkraft. Ein verdi som skal vere ein leietråd internt i arbeidet med gjennomføring av mellom anna handlingsplanen i Strategisk Næringsplan, er «heilstøpt».

HEILSTØPT

- > som silisium til solcellepanela
- > som aluminium som har lagt grunnlaget for utviklinga av samfunnet
- > som heil ved, solid, konsekvent, tydeleg, til å stole på
- > som å stå for det som er gjort og sagt- og kommunisera det tydeleg
- > som heilstøpt organisering av arbeidet – delmål og hovudmål
- > som heilstøpte opplevingar – totalopplevingar
- > som heilstøpte menneske som får behandling for å kome attende til kvardagen
- > som bebuarar og elevar som får den kunnskapen dei treng i skulen for å bidra til å forme og utvikle bygdene og kommunen vidare
- > kommunen ved administrasjonen og politikarar i sin rolle som samfunnsutviklar






FOTO: ISTOCKPHOTO

5. PRIORITERTE SATSINGSOMRÅDE

5.1 LØNSAME ARBEIDSPASSAR

Fakta:

Årdal har historie og erfaring i å vere vertskap for industriverksemdar. Industriell produksjon er og har vore bærebjelken for verdiskaping og busetjing i kommunen. Industrien er dominert av dei tre hjørne- steinsbedriftene Hydro, Norsun og HMR, men her er også andre industriverksemdar som både lever «åleine» og som er underleverandørar til Hydro. Årdal har fått ei unik klynge med industribedrifter som leverer fornybar energi til verda. Ei styrking av denne klynga vil vere ei viktig oppgåve for Årdal, ved at ein tek det grønne skiftet på alvor.

Effektivisering er eit krav i industrien som i samfunnet elles. Ein må difor legge til grunn at Årdal som samfunn må jobbe hardare og meir målretta for å oppretthalde talet på industriarbeidsplassar, samt å arbeide aktivt for etablering av fleire verksemdar i andre bransjar, som t.d. forretningsmessig tenesteyting.

Grunnlag:

Årdal Utvikling har meir enn 30 års erfaring med å drive aktivt næringsarbeid i kommunen, og kan dokumentere gode resultat. Årdal Utvikling kan også dokumentere gode resultat innan akkvisisjon av nye bedrifter/næringer til kommunen.

Årdal Utvikling er førstelinetenesta ved etablerings- arbeid, og hjelper verksemdar (gründerar, knoppskyting) praktisk ved etablering – med rådgiving, søknadar, forretningsplaner m.v.

5.2 HELSE

Fakta:

Helse er ein sektor/bransje som er i vekst lokalt, regionalt og nasjonalt. Behovet for helsetenester blir større ved at folk lever lenger/har meir komplekse sjukdomsbilete, og ved at fleire oppgåver skal handterast utanfor sjukehusa (samhandlingsreformen, rehabilitering). Innan helse er det kompetansearbeidsplassar for begge kjønn, og sektoren er populær blant kvinner. Utviklinga i helsemarknaden syner at samspelet mellom private og offentlege aktørar blir styrka, sist i samband med lanseringa av fritt behandlingsval. Det gir svært gode føresetnader for næringsutvikling innan helse og omsorg.

Grunnlag:

I Årdal er det allereie kompetanse på næringsutvikling innan helse, og eit fag- miljø innan psykisk helse. Det er også både vilje og naturgitte forhold – med fjell og fjord som er skapt for aktivitetar og opp- levingar – som talar for at helsesatsing og reiselivssatsing kan utviklast saman, og dra synergjar av kvarandre.



Næringslivsleiar
om suksesskriterie:

**«Kvinneyrker må
vi ha meir av. Kan
gjærne vere høg-
teknologi – yrke
kvinner finn
attraktive»**

Daglig leiar om utvikling:

**«Fylle opp tomme
lokale. Få i gang
gründerar. Kommunen
må sleppe nokre
oppgåver ut i den
private marknaden.»**

5.3 KOMPETANSE OG INNOVASJON

Fakta:

Dei neste åra vil kompetanse vere svært viktig for industrien lokalt, regionalt, nasjonalt og internasjonalt, ved t.d. den fjerde industrielle revolusjon/ Industri 4.0 (digitalisering, sensorikk m.m.), auka krav til produktivitet og grønt skifte. Lokalt næringsliv vil ha behov for kompetent arbeidskraft både til utvikling og «dagleg drift».

Grunnlag:

Industrien i Årdal er svært kompetanseintensiv. Industri- miljøet i Årdal med dei største verksemdene Hydro, Norsun og HMR i spissen, er i hovudsak kompetanse- arbeidsplassar, og næringsaktørane i Årdal meiner at kompetanse er det viktigaste for dei – i dag og framover. Hovudutfordringa er tilgangen på fagutdanna arbeidskraft til viktige deler av næringslivet i Årdal og regionen. Vi må få til auka samhandling mellom offentlege myndigheiter, utdanningsinstitusjonar og næringsliv om tiltak for å styrke tilgangen på fagutdanna arbeidskraft. Årdal må saman med regionen bygge ut kompetansenettverk, møteplassar og forsterke samhandlinga om kompetanseutvikling og innovasjon, for å sikre læring og kunnskapsutveksling på alle nivå.

Dei nye næringane – reiseliv, helse og teneste- næringane, som skal gjere Årdal mindre sårbar, stiller nye/anna krav til kompetanse.

5.4 «EITT SAMFUNN»

Fakta:

Kampen om arbeidsplassar og arbeidskraft vil auke i åra framover, og ved sidan av interessante arbeidsplassar, blir det stilt stadig høgare krav til bustad- attraktivitet. Dette vil vere avgjerande for utvikling.

Urbanisering er ein megatrend som er på frammarsj, og vil vere vanskeleg å snu. Regionar vil bli meir viktig. Årdal bør ta ei sterkare stemme i regionen.

I kommunen vil det å stå saman som ei kraft gjere det lettare å arbeide mot felles mål – å snu energien frå «krangel» til utvikling.

Eit godt omdømme (synleg, posisjonert, open/ærleg, konsekvent, ekte) vil vere positivt for utviklinga.

Grunnlag:

Årdal har to bygder med fortrinn som ein kan utvikle – slik at dei blir meir attraktive på kvar sin måte. Folk er innstilt på å legge Øvre/Tangen-diskusjonen bak seg. Årdølene er stolte over kommunen sin, og staden har noko uforløyst.

5.5 REISELIV

Fakta:

Adventure travel (opplevingsreiseliv) er ein trend i inn- og utland, og Noreg er den fjerde mest attraktive adventure- destinasjonen. Kulturturistar er også ei veksende gruppe.

Årdal ligg i ein stor reiselivsregion – Sognefjord og Fjord Norge, og samstundes berre 3,2 mil frå Tyinkrysset i reiselivsregionen Valdres. Eit tett samarbeid mellom Vang/Tyinkrysset og Årdal kan skape eit godt grunnlag for heilårsturisme i regionen.

Fjord-Norge (Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland) er ein av dei sterkaste reiselivs- regionane i Norge. Destinasjonsselskapet Visit Sognefjord prioriterer særleg produktutvikling innanfor temaområda ski, outdoor adventure, vandring og kultur.

Grunnlag:

Årdal har ein del naturgjevne fortrinn – lengst – høgast, djupast, brattast ved foten til Jotunheimen, som gjer det aktuelt å satsa på opplevingsturisme. I tillegg til å ha fantastisk natur, skil Årdal seg frå andre bygder/kommunar i regionen ved også å vere ein stor industrikommune, noko som skapar interessante kontrastar.

I Årdal er det allereie aktørar med erfaring i å vere vertskap for yrkesbasert trafikk heile året, og som har kapasitet til å ta i mot fleire. Det er infrastruktur. Det er også aktørar som er innstilt på å skape «reason to go» – nå feriemarknaden.

I Årdal er det også aktørar innan helse som ser mogleg- heiter og har vilje til å bruke opplevingar aktivt i si verk- semd, noko som kan gjere det lettare å etablere ei heilårs reiselivsnæring i Årdal, noko som er ein føresetnad for at reiselivssatsinga skal få effekt på sysselsettinga.



Sagt på idemøte:

«Vi er ikkje flinke nok til å framsnakke kvarandre og skryte av kvarandre.»

6. STRATEGIAR

ÅRDAL SKAL:



Lønsame arbeidsplassar

Legge til rette for å skape lønsame arbeidsplassar. Gjennom å arbeide for næringsutvikling, både ved å vere ein god **vertskommune** for eksisterande **industri** og anna næringsliv, ved å legge til rette for **knoppskyting** og gründerverksemnd, og ved å vere aktiv ift potensielle **etableringar**.



Kompetanseutvikling og innovasjon

Legge til rette for å **fremje kompetanseutvikling** blant elevar, befolkning og næringsliv. Slik vil kommunen legge grunnlag for å tilby næringslivet **etterspurt, kompetent arbeidskraft**.



Reiseliv

Legge til rette for utvikling av Årdal som **heilårleg reiselivsmål** innan opplevingsturisme (og kulturturisme).



Helse

Vere ein aktiv medspelar for utvikling av **helse** som ny/tyngre næring i Årdal – kopla opp mot reiseliv/aktivitet.



Eitt samfunn

Utvikle «eitt samfunn» ved å **forsterke og vidareutvikle** bygdene Årdalstangen og Øvre Årdal sine **særtrekk**, ved å bygge ein sterkare **identitet** til Årdal, og ved å kartlegge og forvalte **omdømmet** til kommunen som geografisk stad.

7. VEDLEGG

- > **Overordnet strategivurdering for reiselivsutvikling i Årdal**
- > **Handlingsplan 2017**



FOTO: ISTOCKPHOTO



FOTO: ISTOCKPHOTO